



Statens vegvesen

BERGEN KOMMUNE

Postboks 7700

5020 BERGEN

Marianne Lindau Langhelle

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
23/204462-18

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.03.2025

Bergen kommune – Delfelt S14 – Mindemyren. Vurdering av trekking av motsegn. Gnr 159 bnr 128 mfl.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka og til brev i frå Bergen kommune av 07.02.25 i ovannemnde sak.

Trekking av motsegn

I brev frå Bergen kommune forstår vi at ein i seinare tid har hatt fokus på løyse moment der Statens vegvesen har oppretthalde motsegna vår. Dette er positivt og vi viser også til møte med kommunen i januar 2025. Når det gjeld fortau langs E39 ved Fjøsangervegen forstår vi at forslagsstillar no har justert breidda på fortauet slik at det samsvarar med breidda som er lagt til grunn i områdeplanen for Mindemyren. Dette med unnatak av det verneverdige bygget, der eksisterande fortausbreidde er lagt til grunn. Kommunen etterlyser ordlyd til føresegn som sikrar avtale om drift av fortauet. Statens vegvesen foreslår følgjande ordlyd til føresegna :

Før igangsetting av arbeider med fortau langs S 14 må det vere inngått avtale med rette vegmynde, med godkjenning av tekniske teikningar og avklaringar kring drift og vedlikehald av fortauet.

Vidare har Bergen kommune og forslagsstillar kome fram til forslag om eit justert nivå når det gjeld parkeringsdekning for det aktuelle området. For bueiningar vert det oppretthalden eit krav om 0,4 plassar pr 100m² 2 plassar pr 1000 m² for næringsareal. I alt utgjør dette 268 parkeringsplassar i framtida for S14, noko som er ein reduksjon på 285 plassar. Statens vegvesen ser å kunne akseptere ei slik løysing og utforming av parkeringsarealet på S14. Parkering på regulerte gatetun f_GT1-6 tek slutt når desse flatene vert opparbeid i samband utbygging i tilstøytande bygg KBA4-6. Parkeringsareal som i dag er lokalisert på torgflatene skal fjernast når desse flatene vert opparbeid, o_TO1-4.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Så snart planen er vedteken skal det innførast einvegskøyning frå nord mot sør langs bygget på S 14. Føresegn om rekkjefølgje 6.1.7 vert lagt til grunn for dette tiltaket.

Ny trafikkberekning frå Sweco viser at ved full utbygging vil det vere ei trafikkauke på Mindemyren på 11 % generelt. Tiltaka som ein er einige om etter nye vurderingar for S14 vil likevel klare å avgrense trafikkauken i det interne gatenettet.

I kontakt med kommunen så forstår vi at flytting av kollektivhaldeplass og eventuell endring av sykkelvegen innanfor S14 med tanke på grønt område, så er desse tiltaka endringar som vil medføre at planen vil bli lagt ut på avgrensa høyring.

Samanfatning

Samla sett ser vi at det er gjort eit stykke arbeid når det gjeld fortausløyising langs E39, Fjøsangervegen og parkering i og ved S14. I tillegg er det sikra at ein får einvegskøyning langs S14 frå nord mot sør, etter planvedtak. Vi legg til grunn at desse momenta samt vår utforming av føresegn om fortau vert innarbeid i reguleringsplanen. Alt i alt er dette tiltak som gir grunnlag for å kunne vurdere å trekke vår motsegn til reguleringsplan for S14. Vi ser å kunne sende endeleg stadfesting av dette til Statsforvaltaren når vi mottek vedteken plan, der momenta ovanfor er innarbeid i si noverande form. Vi oppfattar at kommunen vil sende planen ut på ny avgrensa høyring før vedtak i saka.

Transport-vest/Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
BERGEN KOMMUNE PLAN- OG BYGNINGSETATEN, Postboks 7700, 5020 BERGEN
BERGEN KOMMUNE, Postboks 7700, 5020 BERGEN

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER